

Reglement for Ungdomsrådet i Hå

Vedtatt av kommunestyret 03.04.2025, oppretta i medhold av kommuneloven §5-13.

1. Føremål

Ungdomsrådet er eit talerøyr for ungdom og skal fremja dei unge sine interesser.

Ungdomsrådet er eit høyringsorgan og skal ha ei rådgjevande rolle for kommunen i saker som i særleg grad vedkjem ungdom.

Ungdomsrådet legg vekt på å laga arrangement og bidreg til å fremma eit godt sosialt miljø for ungdom.

2. Samansetning og val

Ungdomsrådet er satt saman av 15 faste representantar og 8 vararepresentantar i alderen 13-19 år.

Ungdomsrådet skal ha ei jamn aldersfordeling, representera dei ulike bygdene i kommunen og begge kjønn skal vera representert med minimum 40 prosent.

For å vera valbar til ungdomsrådet må personen vera busett i Hå kommune, eller gå på vidaregåande skule i Hå og vera under 19 år ved tidspunktet for valet.

Dersom ein person flyttar ut av kommunen mister vedkomande plassen i Ungdomsrådet. Elles er søknad om fritak etter kommuneloven.

Ungdomsrådet er satt saman på denne måten:

- 2 representantar og 1 vararepresentant valde frå Ognå skule
- 2 representantar og 1 vararepresentant valde frå Vigrestad storskule
- 2 representantar og 1 vararepresentant valde frå Varhaug ungdomsskule
- 2 representantar og 1 vararepresentant valde frå Nærbø ungdomsskule
- 2 representantar og 1 vararepresentant valde frå Tryggheim ungdomsskule
- 5 frie representantar og 3 vararepresentantar fritt valde som representantar for ungdom over ungdomsskulealder.

Elevråda på ungdomsskulane har ansvar for å velja sine 10 representantar til Ungdomsrådet. Kvar skule blir oppmoda om å velja ei jente og ein gut som faste representantar for å oppnå kjønnsbalansen i lova. Valet skal vera gjort

før 1. mai kvart år. Skulane blir oppmoda om å velja elevar på 8. og 9. trinn på våren. Nytt ungdomsråd blir dermed konstituert tidleg på hausen neste skuleår.

Representantane vert valde på årsmøtet. Årsmøtet føreslår dei 10 skulekrinsrepresentantane, dei 5 fritt valgte representantane og alle vararepresentantane til kommunestyret. Årsmøtet vert arrangemert i samban med det siste møtet før sommaren.

Ungdomsrådet skal ha ein valperiode på inntil to år ref. kommunelova § 5-12 tredje ledd. I Hå kommune blir det vald nytt ungdomsråd kvart år.

Medlemmane som representerer ungdomsskulane blir valde for eitt år. Tre av dei fem frie representantane blir valde for to år, medan dei to siste og vararepresentantane blir valde for eitt år.

Endeleg oppnemning av Ungdomsrådet skjer av kommunestyret i samsvar med kommunelova § 5-12.

3. Møter og konstituering

Ungdomsrådet skal normalt gjennomføra 7 møter i året som vert samkøyrte med dei andre politiske utvala. Ungdomsrådet kan sjølv bestemma fleire møter ved behov. Det blir sett opp møteplan for året i samråd med politisk sekretariat.

Dagsorden vert bestemt av leiar og nestleiar i ungdomsrådet, i samråd med koordinator.

Ungdomsrådets medlemmar har møteplikt, med mindre det føreligg gyldig forfall. I så tilfellet, skal vedkomande melda frå om dette til politisk sekretariat og oppgje forfallsårsak. Politisk sekretariat kallar inn varamedlemmar.

Konstituering av leiar, nestleiar og medieansvarleg skal skje ved første ordinære styremøte.

4. Drift og sekretariat

Det skal lagast møteinnkallingar og møteprotokoll frå kvart møte etter same reglane som gjeld for andre politiske organ i Hå kommune ved politisk sekretariat.

Ungdomsrådet får nødvendig opplæring og rettleiing. Dette vert samordna ved koordinator og politisk sekretariat, eventuelt andre etter behov.

I større saker bør saksbehandlar eller andre delta og presentera saka munnleg.

Leder og nestleiar vert invitert når kommunedirektøren legg fram sitt forslag til

økonomiplan og budsjett. Leder og nestleder får lpad i perioden dei er valde for.

5. Oppgåver og funksjon

Ungdomsrådet har rett til å uttala seg i saker som skal til politisk behandling og handlar om barn og unge eller har konsekvensar for desse.

Ungdomsrådet kan sjølv ta initiativ til saker som gjeld barn og unge, samt gjennomføra eigne prosjekt av eige budsjett.

Leiar av ungdomsrådet kan be om ordet i starten av kommunestyremøta. Taletid vert sett i samråd med ordførar.

Det skal skrivast ei årsmelding om arbeidet i Ungdomsrådet, som skal sendast til utval for oppvekst og kultur og kommunestyret. Årsmeldinga for Ungdomsrådet skal vera ein del av årsmeldinga til Hå kommune.

To representantar frå Ungdomsrådet skal vera med i planlegginga til barn og unges kommunestyre.

Ungdområdet er bindeleddet til Ungdommens fylkesråd.

Representantane får eit møtehonorar på 400 kr pr. møte. Leiar får 600 kr. pr. møte. Varamedlemmar får møtegodtgjersle når dei trer inn som medlem pga. avbod frå faste medlemmar. Reelle reisekostnader vert refundert.

6. Budsjett

Ungdomsrådet har eige budsjett og delegert myndigheit til å bevilge eigne midler til å gjennomføre eigne prosjekter. Utgiftsdekning til opplæring og møtevirksomhet blir dekket på same måte og etter same reglar som øvrige råd og utval.

7. Endringer i reglement

Endringer i dette reglementet skal vedtas av kommunestyret etter uttale frå ungdomsrådet.